

VERDIGRUNNLAG HOLDHUS OPPVEKSTSENTER

Verdigrunnlaget bygger på Fusa kommune sitt verdigrunnlag ROMSLÆG, og overordna mål for oppvekstsenter i Fusa kommune.

På Holdhus oppvekstsenter ønsker me at:

- alle skal kjenna seg trygge*
- alle skal trivast og oppleve glede*
- alle har tillit til kvarandre*
- alle vert møtt med respekt og likeverd*
- alle har omsorg for kvarandre*
- kvardagen er prega av godt humør og humor*
- kvardagen er prega av fleksibilitet og engasjement*

Visjon og verdigrunnlag skal prega relasjonane mellom:

- vaksen – vaksen*
- barn – vaksen*
- barn - barn*

”ME KAN, ME VIL, ME FÅR DET TIL!”
- omsorg og læring i eit aktivt miljø-

KONKRETISERING AV VERDIGRUNNLAGET VÅRT!

Mål	Konkretisering
alle skal kjenna seg trygge	Vera bevisst våre haldningar, korleis me møter og kommuniserer med borna og kvarandre. Borna treng rammer/ plan, veta kva som skjer, faste/ gode rutiner, må veta hva som blir forventet av dei. Å kjenna seg trygg går saman med alle dei andre punkta. Få oppgåver ein føler ein meistarar. Bli sett, høyrd og teke vare på, liten og stor, kjenna seg verdifull. Setja seg inn i ulike roller (empati, forståing og bry seg om). Bruka tid med kvar enkelt. Kontakt. Merksemd. Sjølvransaking. Seie i frå til den det gjeld. <u>Snakka til, i staden for å snakka om.</u> Løysa saker på lavast mogleg nivå. Vera open. Må vera trygg sjølv, for at andre rundt deg skal kjenna seg trygge. Tydelege vaksne, tydelege grenser: ”forutsigbarhet”. Null mobbing.
at alle skal trivast og oppleve glede	Både store og små treng oppmuntring, ros og å kjenna meistring. Viktig å finna noko som gjer at borna kjenner meistring og kan få ros. Når borna trivst, trivst me, og omvendt. Dette handler også om kva haldning me har til kvarandre. Me bør skryte av og oppmuntra kvarandre. Innsikt kan føra til respekt. Me må ikkje gjera det tyngre for kvarandre. Me trivst når me får tilbakemelding fra borna og ser at dei trivst. Oppleva positive ting saman – både store og små. Direkte påminning om ein blir sett pris på. Tilbakemelding og ros. Meistring. Deltaking, vera invitert. Null mobbing, ingen må kjenna seg utanfor, men kunna få vera ”i fred”. Helsa på kvarandre, på og utanfor skulen. Vera open. Ikkje baksnakka, skapa subkultur. Humor.
at alle har tillit til kvarandre	Heng saman med å være trygg på kvarandre. Dei vaksne må formidla kva som blir forventet av borna, felles grunnlag. Me må vera slik at vi er tilliten verdig. Vera kjent med kvarandre. Viktig at dei som blir gjevne oppgåver, gjer dei. Ha tru på det positive i menneske. Ord og handling må samsvare. Vere bevisst på korleis ein får tillit. Stola på kvarandre, halda avtalar, få og gje ros, positive kommentarar.
at alle blir møtt med respekt og likeverd	Ikkje gjera forskjell. Ta utgangspunkt i den enkelte sine føresetnader og moglegheiter. Tilpassa opplæring på ein god måte, slik at alle får det dei treng utan å bli annleis. Respekt: Korleis me møter kvarandre, opptrer, snakkar med kvarandre. Godta at me er ulike, likevel respektera kvarandre. Utfylla kvarandre med sterke sider. Gruppe, alle har sin plass. Helsa. Ingen negative kommentarar om den enkelte.
at alle har omsorg for kvarandre	Viktig at dei vaksne kjenner den enkelte, er oppmerksomme og viser at dei bryr seg. Omsorg kan handla om å hjelpe og å sjå. Leiinga er ein viktig motivasjonsfaktor. Til borna: nærleik, kroppskontakt, sjå kva som skjer, vera nokon dei kan koma til å få hjelp av, visa at me bryr oss. Me vil kvarandre vel. Kanskje me kan vera flinkare til å vise det. Spørje korleis andre har det. Jobbe meir med å bevisstgjera eigne haldningar. Fingerreglane. Hjelpa/ støtta kvarandre, høyra kvarandre, sjå kva den enkelte treng. Empati. Be om råd, koma med råd.
at kvardagen er prega av godt humør og humor	Forutset at ting fungerer rundt deg. Forutset at me handlar i tråd med verdigrunnlaget, og at ein har det godt med seg sjølv. Me blir prega av kvarandre. Vera oppteken av å vera med på å skapa god stemning, men det er lov å ha tyngre dagar innimellom, også på jobb. Tøyse litt i kvardagen. Spel, sang og drama. Gjera noko ”morosamt”, fortelja historier, oppmuntra nokon som treng det. Humor kjem automatisk ved trygt miljø. Vera obs humor – ironi.
at kvardagen er prega av fleksibilitet og engasjement	Fleksibel: Vera løysningsorientert, tilpasse oss. Engasjert: Vera interessert. Me blir det hvis me blir sett og høyrd og får tilbakemelding. Alle skal seia ja til alt, alltid. Kunna bryta mønster, gjere nye ting. Visa interesse for det me gjer, overføra det til elevlar/kollegar. Bruka moglegheiter som dukkar opp, KARPE DIEM, ta ting på sparket. Me er avhengig av fleksibilitet i personalet.

På Holdhus oppvekstsenter:

- me står på verdigrunnlaget vårt
- me strekk oss mot visjonen
- me lar ord bli til handling
- me relaterer verdigrunnlaget til oss sjølv
- me snakkar til kvarandre – ikkje om kvarandre
- me bevisstgjer kvarandre verdigrunnlag og visjon
- me bevisstgjer borna og foreldra verdigrunnlag og visjon